

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAKSNR. 16/03579	DOKNR. 3
14 JUL 2016	
ORG NR. 979 650 191	AFS

Statuttar

for

Thorstein S. Lillehaugs gåve

1. Thorstein S. Lillehaugs gåve er eit legat, samanslått av tidlegare legat av 1964 frå Thorstein S. Lillehaug til Ål Bygdaheim, stort kr. 10 000,-, og testamentarisk gåve av 1968 frå Thorstein S. Lillehaug til Ål Bygdaheim, stort kr. 100 000,-.  
Med opptente renter fram til 1/1-1978, utgjer grunnmidelen kr. 125 000,-.  
Grunnmidelen er urørleg og skal setjast ut slik som til ei kvar tid fastsett for offentlege stiftingar og legat.
2. Økonomiavdelinga i Ål kommune fører rekneskap for legatet, og revisjonen vert utført av Kommunerevisjon IKS.
3. Styret for legatet er Sektorutval for helse og omsorg, som blir valt av Ål kommunestyre kvart 4. år. Styret skal ha 7 medlemmer.  
Styret har full råderett over bruken av legatet og deler ut rentene av legatet kvart år, i samvar med reningsliner nemnde nedanfor.  
Dersom rentene, eller ein del av dei, ikkje vert nytta eit eller fleire år, kan oppsparte renter nyttast seinare år.
4. Legatet er gjeve til Ål Bygdaheim, til hjelp for eldre, sjuke og uføre som til kvar tid har opphald der. Ved vidare utbygging av sosialomsorgen i kommunen, med aldersheim, sjukeheim og aldersbustader, skal alle som har opphald i slike kommunale institusjonar ha same rett til å nyte godt av legatet. Men gjevaren vil at folk frå hans fødebygd Leveld, skal ha førsteretten til å få hjelp.  
Hjelp skal først og fremst ytast til trengjande personar, anten som beinveges pengestønad, eller på andre måtar, t.d. subsidiering av husleige o.l.  
Attverande midlar kan nyttast til ymse velferdstiltak for dei som har opphald i nemnde institusjonar, som t.d. turar eller andre tilstellingar, eller til utstyr og utsmykking i institusjonane, av slike ting som kommunen til vanleg ikkje pliktar å koste.  
Skulle det i framtida verta bygt aldersheim i Leveld, skal legatet overførast til denne.